

## Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

**Kjell Håland (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. Håland trådte frå då fylkestinget vurderte spørsmålet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Håland var inhabil, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e nr. 1. Håland deltok ikkje i saksbehandlinga.

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og inntil 10 år.
3. Søknad om fylkekommunal lånegaranti på kr 50 mill til nytt magasin for KODE vert avslått, då staten framleis har hovudansvaret for finansiering av KODE.»

### Avrøysting

Det var 64 medlemmer til stades.

Søviknes sitt forslag fekk 13 røyster (Frp, FNB og PP) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 13 røyster (Frp, FNB og PP).

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr. 50 mill. til nytt magasin for KODE vert innvilga. Garantien sine øvrige vilkår, blant anna garantien sin varigheit, vert gitt i samsvar med avtale mellom KODE og lånegjevar.
3. Vedtaket sitt punkt 2 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.